

**MERKNADSKJEMA - OPPSTART PLANARBEID**

Plannamn:	Detaljreguleringsplan bustader Kaupangsvegen 17 gbnr.105/58 m.fl.
Arealplan-ID:	4640-2020002
Arkivsaknr. :	20/803
Utarbeidd av:	Arkitektkontoret4B
Sist revidert:	19.05.20

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Framleggsstillar sin kommentar
P1	Private merknadar 105/57. Signe Sva	Går sterkt imot at det blir teke inngrep på hennar eigedom. Meiner ein skal nytta eksisterande avkjøring.	Merknaden om vegtilkomst er teke til følgje. Ein går vidare med å nytte eksisterande avkjøyrsløse.
P2	105/222. Linda Ågotnes/Rune Fosse	Det er IKKE under NOEN omstendigheter, aktuelt for oss å avstå grunn til dette formålet. Da det på forhånd er avklart med vegkontoret at de kan akseptere dagens avkjøring fra Kaupangsvegen er det naturlig å benytte seg av denne. Krever med dette at planområdet avgrensas i øst langs eiendomsgrense mellom gbnr 105/58 og 105/222.	Merknaden om vegtilkomst er teke til følgje. Ein går vidare med å nytte eksisterande avkjøyrsløse. Merknad om plangrense er teke til følgje. Plangrensa er revidert og avgrensas til eigedomane 105/58 og 105/79.
P3	105/361 Anita Ågotnes	Sterkt imot reguleringsplanen. Ynskjer ikkje at den vetle grenda skal fortettast med mange nye hus. Opprørt over at ein legg seg inn på annan manns eigedom med veg.	Merknad om fortetting er ikkje teke til følgje. Plangrensa er revidert og avgrensas til eigedomane 105/58 og 105/79.
P4	Kaupanger hovedgard	Viser til at Kaupanger Hovedgård er grunneigar rundt den varsla eigedomen. Dei ønskjer ikkje å bli trekt inn i planarbeidet og føreset at planen vert avgrensas til berre å gjelde eigedommen til 105/58 og 105/79. Føreset at framtidig utbygging ikkje fører potensiale for framtidig masseutglidning frå vår eigedom. Tiltrår at det blir vurdert om det er naudsynt med geologiske undersøkingar. Vi stiller krav om hjortegjerde rundt heile eigedomen. Går imot at kommunen ønskjer tilkomst til skulen over LNF-område i nord. Om vegtilkomst går ut over eigedomsgrensa vil Kaupanger hovedgård kreve ein samla reguleringsplan for uregulerte eksisterande bustadområde.	Merknad om plangrense er teke til følgje. Plangrensa er revidert og avgrensas til eigedomane 105/58 og 105/79. Merknad om masseutglidning vert teke opp i ROS-analysen. Krav om hjortegjerde vil bli vurdert i det vidare arbeidet. Merknad om skuleveg over LNF-område er teke til følgje. Det vert ikkje lagt til skuleveg over LNF-område. Merknaden om vegtilkomst er teke til følgje.
O1	Høyringsinstansar: Statens vegvesen	Syner til tidlegare dialog knytt til planarbeidet. Oppmodar til kontakt med tiltakshavar for reguleringsplan Kaupangsvegen 55 for felles avkjøring. Dersom de ikkje ynskjer dette vert det krav om opprusting av dagens avkjøyrsløse. Forutset at trafikksikkerheit og framkomst vert drøfta med aktuelle vegstyresmakter. Fråvik frå vegnormalane skal kome fram i planomtalen. Statens vegvesen ber om å få vegteikningar for riksveg/kryss med riksveg tilsendt for gjennomsyn før planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.	Det er teke kontakt med Mjøsplan AS vedk. felles avkjøyrsløse. Det er stor motstand frå eigarane av dei berørte eigedomane og arbeid med felles avkjøyrsløse vil ta lang tid. Utifrå tilbakemelding frå vegkontoret vil vi gå vidare med å nytta dagens avkjøyrsløse i tett dialog med vegkontoret.
O2	NVE	NVE sitt generelle innspel.	Generelle innspel er teke med i det vidare planarbeidet.
O3	Vestland fylkeskommune	Spør kvifor det er fremja eigen plan innfor planområdet for Kaupangsvegen 55B. Dette spørsmålet har ikkje kome fram til oss før vi etterlyste svar frå fylkeskommunen. Svar er sendt 27.04.20. Nytt svar frå fylkeskommunen er motteke 05.05.20. Dei finn tilhøvet uklårt mellom dei to planane. Legg til grunn at kommunen sørgjer for samordning. Oppmodar om å legge retningslinjene i regional plan og strategi til grunn i planutkastet. Likeeins regional plan for folkehelse og regional plan for klimaomstilling. Seksjon for kulturarv finn det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.	Tilhøvet mellom dei to planane må avklårast. Regionale planar vil bli lagt til grunn for det vidare planarbeidet. Krav til arkeologisk registrering må inn i føresegnene.
O4	Fylkesmannen i Vestland	Spørsmål om kvifor eige planarbeid sidan det er ein del av plan for kaupangsvegen 55B. Legg til grunn at kommunen sørgjer for at planarbeidet blir sett i samanheng. Viser elles til Fylkesmannen sine generelle tema til planoppstart og at desse må gjerast greie for i planomtalen.	Eige planarbeid er sett igang etter råd frå Sogndal kommune sidan ein felles plan vil ta mykje lengre tid. Dei generelle tema nemnt frå Fylkesmannen vert teke med i det vidare planarbeidet.
O5	Sogn brann og redning	Etter telefonisk kontakt med Sogn brann og redning har vi fått svar på varslet om planoppstart. Svaret vart motteke 15.05.20. Dei ynskjer å stå i krysset med brannbil og kan då akseptere ein stiging på 1:7 på tilkomstvegen. Har elles avstandskrav frå brannbil til brannobjektet og vasskjelde.	Krava til Sogn brann- og redning vert teke med i det vidare planarbeidet.

**Merknadskart**

